



## Referat frå årsmøte Valldal Idrettslag 15. mars 2017

Ved opning av årsmøtet var det 10 medlemmar til stades

### Sak 1

#### Godkjenne innkalling og sakliste

Ingen merknader

Vedtak: Godkjent

### Sak 2

#### Konstituering

**a. Val av dirigent**

Einar Hoel vald

**b. Val av sekretær**

Liv Marit Indreeide vald

**c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok**

Anders Rem og Harald Vestre vald

### Sak 3: Årsmelding 2016

Vedlegg 1

Ingen merknader til årsmelding

#### Vedtak:

Årsmelding for Valldal Idrettslag vert godkjent og fastsett som årsmelding for 2016

### Sak 4: Rekneskap 2016

Vedlegg 2

Ingen merknader til rekneskap.

Byggerekneskap for kunstgrasbane lagt fram. Kommentar på at byggelån kr 2,1 mill til kunstgras ikkje kjem fram i rekneskap/balanse som forpliktelse for laget. Burde i det minste vore opplyst i note. Lån er kommentert i årsmelding.

#### Vedtak:

Rekneskap for Valldal Idrettslag med undergrupper vert godkjent og fastsett som rekneskap for 2016

### **Sak 5: Arbeidsplan 2017**

Vedlegg 3

Ingen merknader eller framlegg til endringar i arbeidsplan

#### Vedtak:

Arbeidsplanar vert fastsett som retningsgjevande for Valldal Idrettslag med undergrupper sitt arbeid i 2017

### **Sak 6: Budsjet 2017**

Vedlegg 4

Ingen merknader eller framlegg til endringar i budsjett

#### Vedtak:

Budsjett for Valldal Idrettslag med undergrupper vert fastsett som budsjett for 2017

### **Sak 7: Endring i lov for Valldal idrettslag**

Etter firmaattest er det nødvendig at kun leiar skriv under på laget sine vegne. Dette bør utvidast slik at det er krav om at minst to personar må skrive under avtalar mm. som forpliktar laget. Signatur krev at det er gjort forpliktande vedtak i styret. Valldal IL sin lov § 18 pkt (1) vert utvida med eit tillegg der dette vert presisert.

#### Vedtak

Valldal IL si lov får eit tillegg i § 18 (1):

Leiar og minst eit styremedlem kan i fellesskap signere for Valldal IL.

### **Sak 8: Laget si organisering**

I samsvar med Lov For Valldal Idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering.

Dette omfattar følgjande grupper: fotball-, friidrett-, ski- og trimgruppe.

Medlemskap i Norges Idrettsforbund, Norges Fotballforbund, Norges

Friidrettsforbund, Norges Skiforbund, Norges Skiskytterforbund og Amerikanske Idretters Forbund, avd fresbeegolf.

Fresbeegolf har i fleire år vore knytt til trimgruppa. Det er meldt inn sak om å opprette dette som eiga gruppe. Det er forslag om at gruppa får namnet: Disksport.

Styret i idrettslaget går inn for at Disksport vert oppretta som eiga gruppe med goder og forpliktelsar tilsvarande andre grupper i laget. Styret i Valldal IL vert utvida med eit medlem frå Disksport. Organisasjonsplan vert endra tilsvarande.

#### Vedtak:

Gruppe Disksport vert oppretta. Gruppa får medlem i styret i Valldal IL som vert utvida til 10 medlemmer.

### **Sak 9: Medlemskontingent ~**

I samsvar med lov for Valldal Idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsette medlemskontingent. Vedtak vil gjelde for 2018

Noverande kontingent

Barn under 18 år	kr 350
Vaksne 18 år og eldre	kr 450
Familie	kr 800
Pensjonistar	kr 350

Forslag frå styret om at medlemskontingenten for 2018 vert uendra.

Årsmøte skal også fastsette eventuelle treningsavgifter eller gje styret/gruppestyret fullmakt å fastsette dette. Det vert foreslått å gje fullmakt til gruppene å fastsette dette.

#### **Vedtak::**

1. Medlemskontingent 2018

Barn under 18 år	kr 350
Vaksne 18 år og eldre	kr 450
Familie	kr 800
Pensjonistar	kr 350

2. Den enkelte gruppe får fullmakt å fastsette eventuell treningsavgifter

### **Sak 10:Val**

#### **Valldal IL - styret**

Leiar:	Einar Hoel	vald for 2017
Styremedlem:	Trond Håvoll	vald for 2017-2018
Styremedlem:	Liv Marit Indreeide	vald for 2017-2018
Nestleiar	Anders Rem	2016-17 (ikkje på val)
Styremedlem:	Monica Henden	2016-17 (ikkje på val)

1. varamedlem: Harald Vestre vald for 2017
2. varamedlem: Anita Woldsdal Hjelm vald for 2017

#### **Revisorar:**

Finn Waldal	vald for 2017
Olav Løvoll	vald for 2017

#### **Valnemnd:**

Dagrun Vikesland	2016-2018	(ikkje på val)
Kåre Erstad	2017-2019	(ikkje på val)
	2018-2020	

Det var ikkje framlegg på nytt medlem i valnemnda for 2018-2020

Vedtak: Styret får fullmakt til å velje eit medlem til valnemnda.

Val av utsending til årsmøtet i Norddal Idrettsråd, 2 personar

Liv Marit Indreeide, Einar Hoel	vald
Trond Håvoll (vara)	vald

### Val i grupper:

#### Fotballgruppe -

Leiar	Kenneth Hovden	2017 (ny)	styremedlem Valldal IL
Medlem	Torkjell Døving	2017-2018	(ny)
Medlem	Ann-Katrin Overå Høihjelle	2017-2018	(ny)
Medlem	Anett Helen Steinnes	2016-17	(ikkje på val)
Medlem	Tom Erik Hjelle	2016-17	(ikkje på val)
1. varamedlem	Torgeir Sunde	2017	(ny)
2. varamedlem	Solveig Heggen	2017	(ny)

Vedtak: Styret i fotballgruppa vald med Kenneth Hovden som styremedlem i Valldal IL

#### Friidrettsgruppe-

Leiar	Magne Eivind Glomnes	2016 (attval)	
Medlem	Børge Heggen Johansen	2017-2018 (ny)	styremedl Valldal IL
Medlem	Catrine Berli	2016-2017	(ikkje på val)
Medlem	Jacek Wilczura	2016-2017	(ikkje på val)
1. varamedlem	Ann Kristin Godø Hoel	2017	(ny)
2. varamedlem	Øyvind Reiten	2017	(ny)

Merknad frå valnemnda: Pass på kjønnsfordeling i styret. Eit varamedlem er i ikkje medlem i idrettslaget.

Kompromiss: varamedlem som ikkje er medlem, kan ikkje møte før vedkomende er medlem

Vedtak: Styret i friidrettsgruppa vald med Børge Heggen Johansen som styremedlem i Valldal IL

#### Skigruppe-

Leiar	Jan Ole Fuglem	2017 (attval)	styremedlem Valldal IL
Medlem	Anne Gry Myklebust Vestre	2017-2018	(ny)
Medlem	Juliette Bechtold	2017-2018	(attval)
Medlem	Aksel Indreeide	2016-2017	(ikkje på val)
Medlem	Geir Arne Myren	2016-2017	(ikkje på val)
1. varamedlem	Per Jomar Nerli	2017	(attval)
2. varamedlem	Hans Martin Gjedrem	2017	(ny)

Vedtak: Styret i skigruppa vald med Jan Ole Fuglem som styremedlem i Valldal IL

### Trimgruppe-

Leiar	Ida Kristoffersen Rem leiar	2017 (attval)	styremedl i Valldal IL
Medlem	Jürg Barthel	2017-2018	(attval)
Medlem	Ivar Hoel	2017-2018	(ny)
Medlem	Andreas Håvoll	2016-17	(ikkje på val)
Medlem	Maria Dvergsdal	2016-17	(ikkje på val)
1. varamedlem	Lene Heggen Johansen	2017	(attval)
2. varamedlem	Elisabeth Golten	2017	(attval)

Merknad frå valnemnda: Eit varamedlem er ikkje medlem i idrettslaget.

Kompromiss: varamedlem som ikkje er medlem, kan ikkje møte før vedkomande er medlem

Vedtak: Styret i trimgruppa vald med Ida Kristoffersen Rem som styremedlem i Valldal IL

### Disksport-

Leiar	Richard Moen	2017	(ny)
Medlem	Terese Jemtegård Moen	2017-2018	(ny)
Medlem	Hogne Telford Grønningsæter	2017-2018	(ny)

Vedak: Styret i diskспорт vald med Richard Moen som styremedlem i Valldal IL

Årsmøtet slutt kl. 22.00

Valldal, 15.03.2017



Anders Rem



Harald Vestre